

## Svar på utsendt skriv om hjortejakt 2023

Vald: Store Sleire

1. Ynskjer lik tildeling (antall dyr) som 2022. Fekk ei litt lav uttelling på jakta 2022 av ulike grunnar. Hadde mindre hjort i området i fjor haust, samtidig som det av ulike grunnar ikkje blei jakta like mykje i valdet som elles er vanlig. Fordeling av tildeling er også ein medvirkande årsak som me vil kommentere i pkt 2.
2. Slik som fordelinga var lagt opp i 2022 hamna valdet vårt skeivt ut i forhold til tidlegare. Me har i løpet av dei siste 5-10 åra hatt ein økande populasjon av vaksne bukkar i terrenget vårt, og då spesielt i utmarksområdene (markhusdalen og myrdalen). Dette medfører at det vert fleire av jaktturene i løpet av hausten som vert resultatlause pga me har fått lavare tildeling av bukk enn tidlegare, og må derfor «gå forbi» fleire dyr. Ser også mindre koller/kalvar enn bukkar i snitt.  
Det er også ei utfordring i utmark å vurdere om ei kolle er utan kalv eller om kalven berre er gøymt i terrenget. Dette medfører at det ved fleire tilfeller vert valgt å holde tilbake skudd pga usikkerhet. Me ønsker å utøve human jakt, og forholder oss til prinsippet å ikkje skyte kolle fra kalv.
3. Har ikkje skote full kvote av kalv tidligare, så har ikkje den store effekten i valdet vårt.
4. Ordning med skrapdyr er grei då me ser mykje små kalvar.
5. Trur ikkje samanslåing med nabovald er aktuelt.
6. Ønskjer ei tildeling som er meir lik slik det var før 2022. Som sagt tidlegare har me høg andel bukk i terrenget som også treng å forvaltast. Har over fleire år hatt ei god forvaltning og fornuftig avskyting av bukk i terrenget. Det har blitt skutt ut få større bukkar, og fleire av yngre bukk. Kunne godt vore skilje mellom storbukk og mindre bukkar i tildelinga. Slik det har blitt har me fått ein lavar fellingsprosent på grunn av den tidlelinga som var i 2022. Med det store arealet me har på valdet (over 12000mål), og den andelen bukk me observerer, burde bukkeknoten heller vore økt enn redusert.